

Møtereferat

Dato: 24. februar 2022

Emne:	Næringsforum	
Til stades:	Bård Sandal, Helene Frihammer, Margareth Hagen, Roger Pilskog, Nina Broch Mathisen, Rigmor Fardal, Christian Rekkedal, Øystein Høyvik, Tina Selbæk, Kathrin Jakobsen, Randi Lotsberg, Gisle Nondal, Øyvind Midtbø, Bjørn Lødemel	
Forfall:	Roger Aasarmoen, Anne Kverneland Bogsnes, Geir Mikalsen, Mette Nora Sætre, Geir Kåre Resaland, Marit Warncke	Sak:
Møtetid:	Fredag 24. februar 2022 kl 0900 – 1100	Møtestad: NHO på Nøstet

Møteleiar: **Bård Sandal**

Referent: **Gisle Johanson**

Sak 06/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak 07/22: Godkjenning av referat 3. februar 2022

Referat frå møte 3. februar 2022 vart godkjent.

Sak 08/22: Grøn region Vestland – Status for etablering av samarbeidsrigg

Kathrin Jakobsen presenterte organisering av samarbeidsrigg for Grøn Region Vestland med tre operative koordineringsgrupper (OK).

OK1 – Bygge strategiske grønne hubbar gjennom industriell symbiose

OK2 – Ta posisjon som den leiande havregionen

Ok3 – Bygge innovativ grøn infrastruktur

Norce har sagt seg positiv til å delta i OK1. OK 3 er organisert med deltagelse frå Næringsalliansen, Nordhordland næringslag og vil bli supplert for å ivareta interesser i heile fylket.

Det vil bli lyst ut en prosjektstilling som prosjektleder med ansettelse i Innovasjon Norge og som kommunikasjonsansvarlig.

I samband med fylkesordførarens nyårsmøte vart regionråd, hubbar og verksemer invitert til å delta i Team Vestland. Om lag 100 aktørar har meldt sin interesse.

Roger Pilskog kommenterte at det er uro i Los organisasjon i Vestland etter fylkesutvalets vedtak om kraftforsyning til Noa/Krafla. Det er uro for at oppdrag til næringslivet i regionen kan bli utsatt. Pilskog poengterte at det er viktig at fylkesutvalet har et godt kunnskapsgrunnlag når dei handsamar ein slik sak.

Nina Broch Mathisen pekte på at det er viktig å styrke synlegheit av Grøn region Vestland i heile regionen og at partnerskapen må bidra til å mellom anna å sette prosjektet på agenda på konferansar og arrangement regionalt og nasjonalt.

Margareth Hagen sa at UiB ønsker større merksemd mot relevante EU-prosesser og Horisont Europa. UiB og Norce vil lage et felles framstøt i Brussel i 2022.

Det vart avtalt at UiB er vertskap for kommande møte i Næringsforum med tema regionalt samarbeid i forhold til Horisont Europa.

Sak 09/22: Årsplan 2022 – Oppfølging av Handlingsplan 2022-25 og Regional plan for innovasjon og næringsutvikling «Berekraftig verdiskaping»

Randi Lotsberg presentererte utsendt materiale. Partnerskapen vart invitert til å gje innspel innan 4. mars.

Helene Frihammer kommenterte at det har vore ein god prosess og at NHO har nokre innspel med tanke på bygg og anleggsnæringa der det mellom anna vart etterspurd ei oversikt over investeringar.

Øyvind Høyvik kommenterte at arbeidet med årsplan er ein ers viktig og spennande prosess for kommunane.

Bjørn Lødemel streka under at 2022 er eit viktig år for kraftforsyninga i Noreg og i Vestland og at det er viktig at ein samordnar innsats på mot sentrale myndigheter og Storting.

Sak 12/22: Norges Forskingsråd i Vestland

(framskunda då Rigmor Fardal måtte forlate møtet før tida)

Bård Sandal innleia med å vise til Nasjonal og regional samarbeidsavtale mellom fylkeskommunane, Innovasjon Norge, Siva og Norges Forskingsråd. Alle dei tre verkemiddelaktørane er invitert til å presentere verksemd og resultat i Vestland i 2021.

Rigmor Fardal gjekk gjennom presentasjonen som er utsendt. Samla løyving til innovasjonsprosjekt i næringslivet var på landsbasis 1,36 mrd kroner. 110 mill eller 8 prosent av desse gjekk til Vestland. Fardal framheva at det er ei målsetjing å auke denne andelen.

Tre av 14 innovasjonprosjekter i offentleg sektor var lokalisert i Vestland.

Grøn plattform 2021 er ei satsing for å støtte forskings- og innovasjonsdrevet grøn vekst. Det blir ein ny stor utlysning i 2022.

Norge har mottatt 16,2 mrd kr frå Horisont 2020-midler. Aktørar i Vestland har mottatt om lag 2 mrd av desse midlane.

Margareth Hagen kommenterte at UiB har svært høg uttelling på søknader til Horisont-programma. Det er ei utfordring å kople fleire regionale aktørar saman mot desse søknadene.

Det vart diskutert og beslutta at UiB skal vere vertskap og sette opp agenda for neste møte i Næringsforum med fokus på Horisont Europa.

Sak 10/22: Innovasjon Norge Vestland resultat i 2021

Nina Broch Mathisen orienterte om Innovasjon Norge si verksemd og resultat for 2021. Det er gitt 1,3 mrd kroner i garantiar, lån og tilskot i 2021. Ho trakk fram døme på selskap innan mellom anna maritim sektor, helseteknologi, reiseliv og mat og drikke som døme på vekstkraftige satsingar for har vore finansiert av Innovasjon Norge dei siste åra.

Innovasjon Norge gjennomfører no ein reduksjon i administrasjonskostnader og bemanning. Av dei 30 stillingane i Vestland vil 3-5 bli borte i løpet av året.

Sak 11/22: Siva si verksemd i Vestland og oppdatering om nye program

Tina Selbæk orienterte på grunnlag av utsendte presentasjon. Det er oppnådde gode resultat i dei 5 næringshagane og 5 inkubatorane i Vestland i 2021. Det har vore god auke i talet på målbedrifter.

Dei nye programma for næringshagar og inkubatorar vil verte lyst ut i sommar og gjeld frå januar 2023. Berekraft, tettare samspel med kunnskapssektoren og andre verkemiddelaktørar er viktige satsingar for begge programma.

Sak 13/22: Eventuelt

Det vart avtalt at neste møte vil finne stad i månadsskiftet april/ mai på UiB.

Bård Sandal orienterte om planane om å legge eit av haustens møter til Bruxelles med tema knytt til EU sine program for innovasjon og grøn omstilling.